

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe *Saksbehandlar*

2022/719-52 Rune Helland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2023/24	Formannskapet	20.04.2023

Høyring og offentleg ettersyn - Kommuneplan for Kvinnherad - Arealdel - Kvinnherad 2050 (20181367)

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet i Kvinnherad vedtek at Kommuneplan for Kvinnherad – Arealdel Kvinnherad 2050, vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova § 11-14. Frist for merknadar til planframlegget vert sett til seks veker frå kunngjeringsdato. Fram til utsending og utlegging kan kommunedirektøren gjere tekniske tilpassingar og visuelle endringar som ikkje endrar planframlegget sitt meiningsberande innhald.

Formannskapet si behandling i møte den 20.04.2023:

Behandling:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Formannskapet i Kvinnherad vedtek at Kommuneplan for Kvinnherad – Arealdel Kvinnherad 2050, vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Frist for merknadar til planframlegget vert sett til seks veker frå kunngjeringsdato.

Fram til utsending og utlegging kan kommunedirektøren gjere tekniske tilpassingar og visuelle endringar som ikkje endrar planframlegget sitt meiningsberande innhald.

Vedlegg plandokument:

1. Plankart 1 - føremål
2. Plankart 2 – omsynssoner
3. Plankart 3 – reelle faresoner
4. Plankart 4 - Fortetningssoner
5. Føresegner
 - a. Ordforklaringar og forkortingar

- b. Kvoter LS**
- 6. Planskildring**
 - a. Overordna konsekvensutgreiing**
 - b. Arealendringar frå tidlegare KPA**

Andre vedlegg – detaljert KU og planprosess

- 7. Konsekvensutgreiing akvakultur**
- 8. Konsekvensutgreiing enkeltareal**
- 9. KU til silingsmøte**
- 10. Funksjonell strandsone rapport**
 - a. Vedlegg til funksjonell strandsone**
- 11. Revidert statistisk oversikt finsiling**

Samandrag/saka gjeld:

Framlegg til ny arealdel for Kvinnherad 2050 er no utarbeidd og vert lagt fram til vedtak om høyring og offentleg ettersyn. Det ligg ein omfattande prosess bak planforslaget der mange grupper og aktørar i samfunnet har bidrege. Planforslaget byggjer vidare på kommunen sin samfunnsdel som vart vedteken juni 2022, og som igjen legg FN sine berekraftsmål til grunn. Namnet på planen Kvinnherad 2050 indikerer at planen har ein tidshorisont fram til 2050. Planforslaget viser korleis mål for ønska samfunnsutvikling og strategiar er ført vidare i arealkart, føresegner og planomtale.

Det vart gjort godt og aktivt medverknadsarbeid mellom vår 2019 og haust 2019. Etter at innspel til kommuneplanen kom inn så har det vore grovsiling og finsiling av innspel, og kommunen har vore i planforum tilsaman 3 gonger med planarbeidet. I tillegg så har det vore tett og godt samarbeid med politisk nivå i kommunen.

Planen blir utarbeidd og publisert i format som kan leggjast i planregisteret til kommunen.

Saksutgreiing:

Innleiing

I følgje plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan med samfunnsdel og arealdel. Lova set rammer for form og innhald i planen, og prosess i planarbeidet. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Gjennom arbeidet med kommuneplanen skal kommunen vektleggje viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjere dei strategiske vala kommunen tek.

Kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og skal vidare syne hovudtrekk i arealdisponeringa og rammer for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk. Viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala skal også gå tydeleg fram, og arealdelen skal omfatte plankart, føresegner og planomtale der det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er ivareteke.

Noverande og gjeldande arealdel vart vedteken attende i 2018. Det var då eit større arbeid med å samle fleire kommunedelplanar til ein kommuneplan. Vedteken planstrategi for Kvinnherad kommune seier at arbeidet med ny arealdel skal på plass i inneverande kommunestyreperiode. Vidare er det vedtekne arealstrategiar i samfunnsdelen som ligg til grunn for dei val ein skal gjere i arealdelen, og like eins for den utviklinga vi ser føre oss i kommunen fram mot 2050.



Om planprosessen

Her er eit samandrag av prosessen fram til planframlegget som no ligg føre:

- ✓ Kommunestyret vedtok planoppstart i møte 22.03.2018 for både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen.
- ✓ Arbeidet vart organisert i ei prosjektgruppe leia av plankontoret i kommunen. Prosjektgruppa knytte til seg fagkompetanse frå ulike fagområde i organisasjonen.
- ✓ Styringsgruppe har vore formannskapet, og koordineringsgruppe har vore leiargruppa i kommunen, med kommunedirektøren sitt leiಾರforum som referanse.
- ✓ Kommunen var 29.05.2018 i regionalt planforum i Vestland fylke med planprogrammet som var under utarbeiding, og det vart 22.11.2018 sett ned ei politisk arbeidsgruppe for dette arbeidet. Gruppa besto av alle medlemmene i formannskapet.
- ✓ Planprogrammet vart behandla første gong av formannskapet 06.12.2018. Planprogrammet var deretter på høyring i perioden 10.12.2018 til 10.02.2019.
- ✓ 13.03.2019 vart høyringsmerknadar gjennomgått i politisk arbeidsgruppe.
- ✓ Formannskapet behandla revidert planprogram 09.05.2019, og kommunestyret fastsette planprogrammet endeleg 23.07.2019.
- ✓ Samstundes som planprogrammet vart kunngjort 24. mai 2019, vart innspelsfasen opna. Innspelsperiode vart organisert mellom 22.05.2019 - 31.10.2019.
- ✓ Det vart gjort påfølgjande medverknadsarbeid mellom vår 2019 og haust 2019. Det vart halde arbeidsverkstad med leiarar og politikarar, gjestebod, møte med akvakulturnæringa, folkemøte/temamøte, bygdemøte med meir.
- ✓ Samstundes vart det også gjort kartlegging av funksjonell strandsone for store delar av kommunen, med rapport frå konsulent ABO Plan & Arkitektur datert 12.06.2019.
- ✓ Fristen for å koma med innspel til kommuneplanen sin arealdel var 31.10.2019
- ✓ Plan-, teknikk og miljøutvalet gjorde vedtak om grovsiling i møtet 13.10.2020, og saka vart så sendt vidare til formannskapet for endeleg avgjerd.
- ✓ I formannskapsmøtet 15.10.2020 vart det sett fram eit nytt forslag og forslaget vart samrøystes vedteke. Vedtaket 15.10.2020 var:
«Formannskapet ber Plan, teknikk, miljøutvalet (PTM) gå i drøftingar/avklaringar om innspel som krev det/merka svart i grovsilinga».
- ✓ Vedtak om grovsiling vart deretter gjort i – PTM 17.11.2020
- ✓ Arbeidet vart presentert for Planforum 25.05.2021, med påfølgjande tilbakemelding.
- ✓ Arbeidsverkstad om Bustad og næring med PTM og Formannskapet 12.04.2022
- ✓ 22.06.2022 vedtok Kommunestyret samfunnsdel Kvinnherad 2050, som er styrande for arealdelen i det vidare.
- ✓ Arbeidsverkstad for senterstruktur og strandlinje m.m. med PTM og Formannskapet 22.09.2022
- ✓ Arbeidsverkstad for føresegner med PTM og Formannskapet 13.10.2022

- ✓ Arbeidsverkstad med PTM og Formannskapet om bustadreserve, silingsstrategi m.m. 10.11.2022
- ✓ 24.11.2022 gjorde Kommunestyret nytt politisk vedtak om ei politisk arbeidsgruppe på 4 personar.
- ✓ 17.01.2023 var ein for 3. gong i regionalt planforum før planframlegg, med utvida prosjektgruppe og politisk arbeidsgruppe, og med påfølgjande tilbakemelding.
- ✓ 14. - 15. februar 2023 vart det halde møte mellom administrasjonen og PTM/Formannskap for å gjennomføre finsiling av innspela.
- ✓ 24. mars 2023 Møte med Statsforvaltaren for å drøfte føresegner og strandsone med

Etter førre vedtak om grovsiling vart planarbeidet lagt fram for planforum i mai 2021. Det vart også halde arbeidsverkstad med PTM og formannskapet i april 2022.

Planarbeidet har frå våren 2022 vore leia av plansjef Rune Helland, og med planavdelinga som prosjektgruppe. Det er halde 3 arbeidsverkstadar hausten 2022, og i november vart det vedteke at ei politisk arbeidsgruppe skulle delta i det vidare arbeidet. Den politisk arbeidsgruppa deltok, saman med ei utvida prosjektgruppe, i planforum i november 2022.


Når det gjeld framdrift så ligg kommunen noko bak den planlagde framdrifta frå planprogrammet, som førespegla planvedtak i 2020.

Det er no lagt opp til ei stram framdrift fram mot august 2023, og målet er å få ein endeleg vedteken arealdel før nytt politisk val denne hausten.

I samsvar med grovsiling i november 2020, så har fokuset vore på følgjande tema:

Næring, bustad, akvakultur, småbåthamner og fellesanlegg i sjø, allment friluftsliv og grøntområde, offentleg eller privat tenesteyting, LNFS-område i strandsona (finne ei løysing slik at ein kan setje byggegrense mot sjø) og handtering av overskotsmassar. I tillegg ligg det eit fokus på å sjå på råstoffressursane ein har i kommunen.

Innspel om arealbruk knytt til fritidsbustad og naust vart sila ut i grovsilinga. Det same gjeld for innspel om vindkraft på land, som også vart sila ut jamfør vedtak i kommunestyret 29.08.2019 og høyringsuttalen til NVE-rapport.



Tema har vorte ytterlegare spissa etter at samfunnsdelen vart vedteken. Kommunen har no klare mål og strategiar.

Vedteken senterstruktur ser ein under:

Regionsenter	Kommunesenter	Lokalsenter	Nærsenter
Husnes	Rosendal	Hatlestrand, Sæbøvik, Uskedalen	Ølve, Varaldsøy, Sundal, Ænes, Seimsfoss, Dimmelsvik, Herøysund, Sunde, Valen, Sandvoll, Matre, Åkra, Fjelberg, Høylandsbygd

Det går tydeleg fram av samfunnsdelen at kommunen vil ha vekst i alle sentra, men størst vekst på Husnes og i Rosendal. Det går også fram av vedteken samfunnsdel kva dei ulike sentra *bør* og *kan* innehalde. Ein treng då å leggje til rette for nok bustadreserve i heile kommunen. Under ser ein resultatet etter arbeidsverkstadar kring desse tema.

Befolkningsvekst etter samfunnsplanen

- Vekstmål fram til 2050 = 3.000 – 8.000
- Erfaring med boligområder er at mykje ikke blir utbygd = trong for større arealreserver enn det veksten tilsier
- **Minimum** bustadsreserve for alle sentre
- Vi har vekstmål for alle sentre
- Mål om størst vekst på Husnes med 1000 nye innbyggere
- Mål å sikre arealreserver for varierte bustader i alle senter

Husnes	1000
Rosendal	350
Husnes senternære boliger	220
Rosendal senternære boliger	200
Hatlestrand	100
Sæbøvik	200
Uskedalen	150
Lokalsenternære boliger	150
Ølve	50
Varaldsøy	30
Sundal	80
Ænes	30
Seimsfoss	50
Dimmelsvik	50
Herøysund	150
Sunde	150
Valen	200
Sandvoll	40
Matre	15
Åkra	15
Fjelberg	30
Høylandsbygd	50

Om innspel og finsiling:

I arbeidet med rulleringa av arealdelen (kommuneplanen – Kvinnherad2050) kom det inn kring 400 arealinnspel. I tillegg kjem innspel frå arbeidet med strandsonenplanen, frå arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018 (gjeldande arealdel) og frå innspelsperioden knytt til planprogrammet, samt rettingar knytt til gjeldande plan.

Administrasjonen har også eigne forslag til endring av arealbruk. Nokre av desse forslaga kjem frå innspel som er komme etter fristen, men som administrasjonen har vurdert til å vere særst viktige for Kvinnherad-samfunnet.

Sjå vedlegg for å få oversikt over kva innspel som kom vidare til finsilinga.

Konsulenten ABO Plan og arkitektur har vore engasjert for å gjere konsekvensutgreiing (KU) for dei fleste innspel som kom til kommunen. Siste året har kommunen også engasjert Even Akerø i Akons AS for å hjelpe til med planarbeidet.

Administrasjonen har vore positiv til ein del innspel som i utgangspunktet hadde negativ KU. Det er i stor grad fordi ein då vurderer samfunnsinteressene som særst store. Administrasjonen har likevel også vurdert negativt nokre innspel som i utgangspunktet hadde positiv KU.


Nokre innspel er større enn andre, og vil påverke landskapet i stor grad. Under ser ein eksempel frå Austrepollen, Husnes og Klosterneiset:



Illustrasjon viser korleis ein kan bygge nytt land for t.d. næringsføremål - Austrepollen



Illustrasjon viser korleis ein kan fylle i Opsangervatnet for å etablere meir sentrumsføremål - Husnes



Illustrasjon viser korleis ein kan tenkje seg plassering av vindmølleproduksjon på Klosterneiset.

Kvinnherad kommune ønskjer å legge til rette for at ein kan etablere eit kvinnefengsel i kommunen. Det er til no vurdert 2 ulike lokalitetar.

Kvinnefengsel 2 tomtealternativ:

- Opsangerneset
- Onarheimslia
- Krav ca. 120 daa.



Kartutsnittet her viser kvar ein førebels kan tenkje seg å etablere kvinnefengsel i kommunen – Onarheimslia eller Opsangerneset.

Når det gjeld vedlagt KU for akvakultur, så har administrasjonen støtta den innstillinga som KU gjev. Administrasjonen skulle gjerne sett at ein kunne vere positiv til innspel 4.10 som er tenkt å vere knytt til undervisningsføremål. KU har likevel ei negativ tilråding av fleire grunnar, og dette er såleis eit vanskeleg val.


Om arealdelen

Arealdelen syner hovudtrekk i arealdisponeringa mellom anna med bakgrunn i vedteken samfunnsdel, med strategiar for korleis Kvinnherad kommune skal løyse oppgåvene best mogleg. Fundamentet ligg i FN sine 17 berekraftsmål, og dei er lagt til grunn i tre perspektiv for utvikling av kommunen.

- ❖ Ein grøn kommune
- ❖ Ein frisk kommune
- ❖ Ein attraktiv kommune



Til dei ti målsettingane følgjer det eit sett av strategiar som viser vegval for å nå måla. I tillegg kjem arealstrategiane, som vert teke rett inn i arealdelen og gjev direkte føringar for den.



Arealstrategiane

Kommunen sine arealstrategiar er langsiktige og overordna prinsipp for arealbruk i framtida: Oppfølging av arealstrategiar skjer på alle plannivå; kommuneplanen sin arealdel (KPA), kommunedelplanar, reguleringsplanar, i byggesaker samt i temaplanar.

Korleis skal vi til dømes ta vare på naturen vår, korleis får eit allsidig og aktivt næringsliv, og korleis legg vi til rette for ein nullutsleppskommune?

Kvinnherad kommune skal syte for variert arealbruk for ulike generasjonar og behov	FRISK
Konsentrert bustadbygging bør ha gangavstand til næraste tettstad eller knutepunkt. I bygdene elles skal spreidd bustadbygging vere eit tilbod.	GRØN
Det skal arbeidast med å fortette og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane, og her skal utbygging i all hovudsak skje gjennom reguleringsplan.	GRØN
Regionsenteret Husnes og kommunesenteret Rosendal skal planleggjast med sterke sentrums kvalitetar	FRISK
Kvinnherad kommune skal arbeide med å finne nye og vidareutvikle eksisterande næringsareal tilpassa ulike næringsføremål, og såleis leggje til rette for næringsutvikling	ATTRAKTIV
Viktige friluftslivsområde i heile kommunen skal takast vare på. Det skal leggjast til rette for fleire offentlege badeplassar.	GRØN
Kvinnherad kommune skal ha god balanse mellom å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsle, næringsliv og attraktive bustadområde.	GRØN
Dyrka mark og dyrkbar jord skal vernast om. Nydyrking skal prioriterast.	GRØN
Det skal søkjast å finne areal for handtering av overskotsmassar, både mellombels og varig deponi, i heile kommunen	GRØN
Nye byggjeområde skal der det er mogleg planleggjast utanfor fareområder	FRISK
Det skal leggjast til rette for samanhengande vegnett for mjuke trafikantar	ATTRAKTIV
Det skal leggjast til rette for fellesanlegg i og ved sjø og småbåthamner	GRØN
Kvinnherad kommune vil arbeide med å få til auka bustadbygging	ATTRAKTIV
Mineralførekomstar for uttak med transportavstandar skal konkretiserast gjennom planarbeidet med kommuneplanen sin arealdel (KPA)	GRØN
Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar verre. Dette gjeld elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd	GRØN
Vi skal ha god oversikt over naturmangfaldet i kommunen, føra arealrekneskap og forvalta naturressursane våre på ein slik måte at vi tek omsyn både til naturen si toleevne og innbyggjarane sine behov	GRØN

Plangrep for å nå måla

For å klare å følgje opp vedtekne føringar og for å nå måla, så er det gjort nokre plangrep. Hovudgrepa finn ein under i eigne tema:

Generelt plankrav

Eit plangrep som er ei endring frå gjeldande arealdel frå 2018, er at det i denne reviderte planen vert det eit generelt plankrav i heile kommunen.

Der ein plan vil bidra lite til å opplyse saken, vert det opna for unntak frå plankravet. Dette gjeld der det er lite konfliktfylt å etablere nye bygge tiltak, der infrastruktur allereie er på plass, og der det ligg godt til rette for å byggje. Unntaka vil gjelde for ein rekke områder. Det vert skilt mellom tiltak som i dei fleste tilfelle er unntatt frå plankravet, og unntak som kan gje unntak etter ein vurdering i kommunen. Utvidande føresegner for dette er gitt til dei einskilde arealføremåla.

Næring

Kvinnherad vil at nye næringer enkelt kan etablere seg i kommunen. Ein treng då både store og mellomstore næringsareal, og ein treng dei i alle bygdene våre. Når senterstrukturen vår seier at kommunen vil ha vekst i alle sentra, så treng ein også arbeidsplassar i heile kommunen.

Det er likevel utfordrande å finne næringsareal i alle mindre bygder, og ein har difor planlagt større næringsareal for fleire mindre bygder samla på ein stad, samstundes som ein har søkt å finne mindre næringsareal i heile kommunen.

Kommunen arbeider for næringsetablering til sjø, og å regulere for meir kai-areal og djupvasskaiar er viktig for Kvinnherad.

Noko næringsareal blir løyst gjennom LNFS- område som tilleggsnæring på gardane.

Det store næringsarealet ved Kongsvikane på Halsnøy vert reservert store framtidige industriprosjekt, som til dømes havvind.

Bustad – Senterstruktur

Tema kring bustadar og senterstruktur heng nøye saman. Når senterstrukturen vår seier at kommunen vil ha vekst i alle sentra, så treng ein å legge til rette for nok bustadreserve i heile kommunen. Kvinnherad vil at innbyggjarane kan leva gode liv uavhengig av kor i kommunen dei bur. I Kvinnherad vil vi fortette i tettstadane våre og ha ei effektiv arealutnytting, medan ein i bygdene skal kunne etablere seg i spreidde bustadområde. Dette gir at dersom kommunen tar sentrumsareal til byggjeland, så må ein nokre stader samstundes ta ut bustadområde meir i utkantområda, og der heller legge opp til å bygge meir i områda for spreidd bustadbygging.

For LNF spreidd, som ein etter nye teiknereglar forkortar LS, er det i gjeldande KPA eit kvotesystem der kvart einskild felt har sine kvotar. Dette er foreslått endra ved at kvotane leggast inn i føresegnsonar som fordelar kvoter på 30 delområde. Nokon av desse sonene vil ikkje ha kvoter, då dei ligg i sentrumsområde der behovet for bustader er dekkja på anna vis. Nedanfor ein

tabell som viser foreslått kvotedeling. Dagens kvoter, fordelt på desse område, er vist med raud tekst der det er endringar.

Stad	# nr.	KVOTAR pr. 01.04.2023						N
		Nye einingar			På frådelte tomter			
		B	F	Na	B	F	Na	
Lukksundet	#S1	3	0	2	7	0	3	3
Håvika	#S2	1					1	1
Ølve sør	#S3					1	2	2
Ølve- nærsenter	#S4				2			1
Ølve nord- Hatlestrand sør	#S5	4 0			10	2		3
Hatlestrand vest	#S6	2			2			1
Hatlestrand lokalsenter	#S7	2			1			1
Gjermundshamn/Hatlestrand nord	#S8				2			
Varaldsøy- nærsenter	#S9	8	8	8	5	3		4
Mauranger og Sundal nærsenter	#S10	9	6	3	5			5
Ænes nærsenter	#S11	2 0			4		1	3
Rosendal kommunesenter	#S12	3 0			4			3
Snilstveitøy og Skorpo	#S13	2 0	2			4		
Seimsfoss, Dimmelsvik og Omvikdalen	#S14	2			3			6
Uskedalen lokalsenter	#S15	6			3			3
Herøysund nærsenter	#S16			2	7			3
Husnes regionsenter	#S17	6			5			
Sunde nærsenter	#S18	3 0			6			2
Valen nærsenter	#S19							
Sandvoll nærsenter	#S20				7			
Sandvoll sør	#S21	5	4	2				5
Matre nærsenter	#S22	4 0						
Åkra nærsenter	#S23	9	2					12
Halsnøy vest	#S24			3	5			3
Eidsvik	#S25							
Sæbøvik lokalsenter	#S26							
Halsnøy nord	#S27	2 0						1 0
Høylandsbygd nærsenter	#S28	3			2			2
Halsnøy sør	#S29	4			7	11		5
Fjelberg og Borgundøy nærsenter	#S30	7		4	5	10		7

Forbodsgrense langs sjø

Dette er eit tema som er veldig aktuelt for kommunen å rydde i, og denne rulleringa tek difor sikte på å styre bygging langs sjø på ein god måte. Jamvel om naustområde er unnatatt frå rulleringa, er det viktig å sjå til at eksisterande naustområde og andre strandsoneføremål kan byggast ut. Etter at arealdelen i 2018 vart vedteken, har ein sett utfordringa med at mange planar ikkje lenger kunne realiserast – også heilt nye planar. Ein såg då trong for meir kunnskap om strandlinja i

kommunen, og det vart gjort eit større arbeid med å få på plass ei funksjonell strandsone i. Slik rapport låg føre i juni 2019, og konsentrerer seg om areal som er sett av til byggeføremål. Ein del LNFR-område der 100 meters grensa framleis skal gjelde er ikkje vurdert for funksjonell strandsone.

Dette kunnskapsgrunnlaget gjev oss høve til å vurdere betre konsekvensane av å justera byggegrense langs sjø.

Ei anna utfordring ein har sett, er trong for dispensasjonar fordi byggegrensa ikkje tek i vare sjøområda i tilstrekkeleg grad. Det er derfor teke inn føresegner for sjøområda som uttrykkeleg unnatar desse frå forbodslina mot sjø. Til dømes kan då sjøformålet småbåthamn utstyrast med naudsynte flytebrygger, moloar etc. jamvel om byggegrensa mot sjø ikkje går lengre enn til strandsona. Einaste stadane grensa er vist i sjø er der landføremål opnar for utfylling i sjø.

Kombinert med det generelle plankravet, får ein då styrt utbygginga på ein god måte i strandsona. Elles legg kommunen opp til å følgje funksjonell strandsone i stor grad, og kommunen vil sjå bruken av strandlinja i samanheng med ålment friluftsliv og grøntområde.

Allment friluftsliv og grøntområde

Viktige friluftslivsområde i heile kommunen skal takast vare på, og det skal leggjast til rette for fleire offentlege badeplassar. Kvinnherad kommune vil ha god balanse mellom å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde, og trong for areal til samferdsle, næring og bustadar. Dette gjev at kommunen treng å sikre friluftsområde og grøntområde for ålmenta i arbeidet med kommuneplanen, og i alle bygder. For at kommunen skal vere attraktiv å bu i, så må innbyggjarane våre ha tilgang til friluftsområde og grøntområde. Kommunen vil også at innbyggjarane skal kunne nytte seg av strandsona og lokal kystkultur, som fører oss over til tema om Småbåthamner og fellesanlegg i sjø.

Småbåthamner og fellesanlegg i sjø

Når kommunen vil at innbyggjarane skal kunne nytte seg av strandsona og lokal kystkultur, så er dette del av kommunen sine fordelar og attraktivitet. Kvinnherad har lang strandline. For å spare på naturen vår er kommunen opptatt av å legge til rette for småbåthamner og fellesanlegg i sjø. Slike fellesanlegg vil lette presset på strandsona vår, og er eit prioritert arbeid i denne planrulleringa.

Føremålet småbåthamn er berre brukt som reint sjøføremål. På nokon stader der gjeldande plan viste småbåthamn på land og i sjøen, er landføremålet delt frå og vist som hamn. Eksisterande områder med føremålet bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone er ennå vist som land og sjøføremål. Desse områda har eigne kvotar for naustbygging som vidareførast. Vedteken samfunnsdel vil også legge til rette for naustbygging, men det er ikkje del av prioritert tema i denne rulleringa. Einaste nye naustområde er eit LS – område der naustdelen er gjort til naustføremål mens resten er omgjort til LNFR.

Akvakultur

Marine næringar er eit prioritert satsingsområde for Kvinnherad kommune. Det er viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig utvikling innafør akvakulturnæringa.

Areal der det allereie er gjeve akvakulturløyve på permanent basis er teke inn i kommuneplanen som akvakulturområde i samsvar med pbl kapittel 11-7. Desse med informasjon om kva artsgruppe eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast. Sjøområda som vert sett av for akvakultur er sett av tilstrekkeleg store med tanke på framtidig trong for justering av anlegg og fortøyingssystem. Dette forde små akvakulturområde gjev liten grad av

fleksibilitet for å møte framtida, og kommunen vil søkje å unngå auka tal av søknader om dispensasjon.

Tema er handtert i samsvar med regelverket for akvakultur, men det er fylkeskommunen som har ansvar for tildeling av løyve og klaring av lokalitetar, og har i tillegg ansvaret for å ivareta havbruksinteressene og fremje motsegn på vegne av havbruksinteressene.

Offentleg eller privat tenesteyting

Ein del områder for føremål offentleg eller privat tenesteyting (T) er teke inn i sentrumsføremåla. Eit T-føremål på Toft er gjort om til bustadføremål. Elles er to alternative lokasjonar for kvinnefengsel vist som T.

Overskotsmassar

Kommunen har i denne rulleringa hatt særleg fokus på tema om masselagring, og er oppteken av berekraftig ressursbruk, med fokus på korte avstandar. Nært knytt til dette temaet er også tema om å ta vare på jordmassar, og korleis ein best skal gå fram når ein flyttar på jordsjikt.

Små og større utbyggingsprosjekt skapt enorme mengder med stein og jordmassar, og entreprenørar og byggherrar har hatt store problem med å bli kvitt desse massane på ein god måte. Store mengder jord og stein blir enten køyrd med lastebilar over lange distansar, eller deponert på måtar som skaper mykje konflikt. Der det er mulig ynskjer kommunen å nytte overskotsmassar til jordbruksføremål. Målet er å best mogleg nytte udyrka overskotsmassar til nydyrking eller forbetring av eksisterande jordbruksareal. med eit spesielt fokus på myrjord. Då er det viktig å flytte matjord utan at kvaliteten blir forringa.

Det er fleire måtar å nytte overskotsmassar. Vi kan nytte nytter overskotsmassar til nydyrking eller til forbetring av dyrka areal. Etter ferdigstilling skal areala kunne klassifiserast som fulldyrka jord. Massane kan i nokre tilfelle vere matjord, men for det meste vil det dreie seg om udyrka jordmassar.

Ein kan lage planeringsfelt der kuperte areal jamnast ut med stadeigne massar. Dette kan gjelde utjamning av areal med bruk av tilkøyrd massar. Ulik kvalitet på massane avgjer kvar i jordsjiktet massane bør brukast. Forureina massar må fraktast til godkjent avfallsmottak, som t.d. kan vere asfalt eller betong, jord med tungmetall, miljøgifter og anna. Ein kan også lage ein jordtipp/ jorddeponi der ein tilfører overskotsmassar, utan at det i alle høve skal bli til jordbruksareal.

Mellomlagring fører til meirarbeid og økte kostnader, og det er en stor fordel om ein klarer å styre arbeidet slik at massane kan fraktast til permanent plassering med det same. Nokon gonger lar det seg ikkje gjera, og det blir naudsynt å mellomlagre både dyrka jord og udyrka overskotsmassar.

Alle prosjekt må starte med en grundig kartlegging av det arealet som skal tilføres masser. Finnes der for eksempel spesielle miljøverdier i form av freda kulturminne eller raudlista arter inne på feltet? Naturtypen våtmark er av stor biologisk verdi, og kommunen vil så langt ein kan, unngå å fylle ut slike områder, sjølv om ein ikkje finner spesielle opplysningar i naturdatabasane.

Dersom me ser temaet i samanheng med tema om klimagassar, så har ein særleg fokus på utslepp av klimagassar frå nydyrking- og drift av myrjord. Det er minst like sterke grunnar til å ha fokus på utslepp av klimagassar ved omdisponering av areal til andre formål enn jordbruk.

Kommunen sitt mål er at jordmassar frå utbyggingstiltak skal disponerast slik at dei gjev grunnlag for langsiktig og god jordbruksproduksjon, med minst mogleg utslepp av klimagassar. Ut frå

miljøomsyn kan ein bruke sprengstein til oppbygging av jordtipp. En må likevel i kvart enkelt tilfelle gjere ei vurdering av resipienten, og om eventuelle tiltak er nødvendig.

Det er vanskeleg å lage ei oppskrift for jordtipp eller planeringsfelt, og alle prosjekt er ulike. I Kvinnherad er det trong for å setje av nokre areal til mellomlagring av massar, og fleire stadar i kommunen sidan kommunen er stor i utstrekning. Det er sett av x tal jordtipp i Inf-spreidd område for næring.


Råstoffressursar

Kvinnherad kommune har fleire område der det har vore råstoffutvinning og mineralførekomst. Dette gjeld mellom anna på Børnes i Uskedalen, på Landa på Halsnøy, Sandvika i Dimmelsvik, Tofteskogen, Øvre Tofte og Våge på Sunde. Desse er alle i dag definerte som permanente masseuttak. Det er ikkje alle desse som skal vidareførast som masseuttak i det vidare. Det er trong for stein i kommunen og det er lange avstandar. For å unngå for store transportavstandar, så vurderer kommunen at det er trong for slike masseuttak fleire stadar i kommunen.

Børnes i Uskedalen er likevel regulert på nytt, og det skal ikkje i det vidare vere permanent masseuttak på Børnes. Masseuttaket her skal berre vere knytt til opparbeiding av næringstomter.

Der det ikkje er laga reguleringsplanar, er det no lagt inn krav om dette jf. føresegner? Dette med føremål om å sikre framtidig ressursutnytting og hindre eventuelle arealbrukskonflikter.

Plankartet viser den faktiske arealbruken synleggjere mineralane. Kommunen har ein særleg viktig førekomst av industrimineral Nesodden, som ligg i LNF-område med omsynssona H590.



I KPA er omsynssone mineral (H590) nytta for å sikre at viktige førekomstar ikkje vert utilgjengelege i framtida. Dette gjeld for både førekomstar med lokal betydning, og for nasjonale og regionale viktige førekomstar.

Kvinnefengsel

Betre kriminalomsorg for kvinner er eit satsingsområde i Norge nasjonalt. Regionalt på Vestlandet er behovet særleg stort. Kvinnherad har gode forutsetningar for å våre vertskommune for eit kvinnefengsel. Vi har eigna arealar i vakker natur, ressursar for å arbeide for god rehabilitering og ressursar på Valen sjukehus for å gje eit godt tilbod for psykisk helsevern. I planen er det vist to alternative plasseringar for eit kvinnefengsel i Onahrheimslia og på Opsangerneset. Både er sett av til føremål privat og offentleg tenesteyting og har føresegningsområde som bind dei til føremålet kvinnefengsel.

Eldre reguleringsplanar

Utfordringa med eldre reguleringsplanar er at dei oftast ikkje er i samsvar med statlege og regionale føringar, risiko- og sårbarheits analyse eller vurdering av naturmangfaldlova er kanskje

ikkje gjort. Planar som er eldre enn 10 år må jf. lova vurderast om ihht. om planen i nødvendig grad er oppdatert. Ofte har utbygginga ikkje vore i samsvar med den gamle detaljreguleringa, mange tomter er ikkje delt i samsvar med plan, og vegar og anna infrastruktur samsvarar ofte ikkje. Mange planar samsvarar ikkje med nye strandsonevurderingar og byggegrense langs sjø, og det krev at vurderingar må gjerast på nytt.

Mange planar er frå 2018 vidareført uendra med omsynssonar, medan kunnskapsgrunnlaget ofte ikkje var godt nok då planen vart vedteken.

I føresegna er det innført eit generelt plankrav der alle tiltak skal vere i samsvar med gyldig reguleringsplan. Samstundes vert det vist til plan og bygningslovens § 12-4, 4. ledd som seier at kommunen skal sjå til at planar eldre enn ti år vert oppdatert, og at dette nokon gonger kan tyde at ny plan er naudsynt.

Det vert og vist til at kommuneplanen går forran når det gjeld undersøkings og dokumentasjonsplikt, særleg når det gjeld kvikkleireproblematikk og anna rasfare.

Det er i føresegnene til ny arealdel omtale detaljeringssone H910, som gjeld uendra vidareføring av reguleringsplanar. Forslaget som leggjast på høring har ingen slike soner. De kan då eventuelt leggjast inn om det kjem merknader om dette.

Overordna KU

Vedlagt overordna KU er ein omfattande gjennomgang og samanfatning av konsekvensutgreiinga og silingsvurderingane som er gjort på bakgrunn av denne.

Arealreknskap

Det er gjort ein oppstilling av endringar i ulike arealføremål. Pga. fortetting som følgjer av samfunnsdelens planstrategi er arealet for byggjeformåla auka, medan areala for LNF spreidd-føremål er tatt noko tilbake. Kvotar for LNF-spreidd er uendra.

Vurdering

Arealdelen til kommuneplanen er særst viktig for kommunen å få på plass. Det er her dei overordna, langsiktige og strategiske vala for kommunen som organisasjon og samfunn vert gjort. Framlegget føl desse lovkrava etter Plan- og bygningslova § 11, samt nasjonale og regionale omsyn. Prosessen har drege ut i tid, og av omsyn til kommuneplanen sin arealdel, økonomiplan og underordna planar er det viktig å få samfunnsdelen ut på høring og vedteken utan ytterlegare forseinkingar. Å halde framdrifta er også viktig av respekt for alle innspela som er komne inn i løpet av prosessen. For å få eit endeleg vedtak før sommaren 2022 i tråd med prosjektplan, er det naudsynt med maksimalt 6 vekers høyringsfrist. Dette er knapt, og føreset god informasjon ut til innbyggjarar, lag og mynde slik at dei har reell moglegheit til å kome med merknadar.

Økonomisk berekraft:

Økonomisk berekraft er i hovudsak handsama i samfunnsdelen gjennom eitt av dei tre hovudperspektiva: "Attraktiv", med tilhøyrande mål og strategiar. I tillegg vil strategiane under "frisk" og "grøn", samt "senterstruktur" for kommunale tenester kunne påverka kommuneøkonomien. Samfunnsdelen sin handlingsdel/økonomiplan 2022 vil konkretisere dei økonomiske konsekvensane av kommuneplanen for den kommunale økonomien.

Miljø og klima berekraft:

Kommuneplanen sin samfunnsdel set dei overordna mål og føringar for klima og miljø i Kvinnherad og skal følgje opp forpliktingar som kommunen har overfor overordna mynde. I perspektivet "grøn" gir denne planen gir også direkte føringar for underordna planar og for Kvinnherad som organisasjon og samfunn. Fastsetting av klimamål og arealstrategiar er døme på dette.

Sosial berekraft:

Sosial berekraft er framheva i samfunnsdelen gjennom perspektivet “frisk”, med tilhøyrande mål og strategiar.

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid

Berekraftsmål nr 17 om samarbeid er godt ivareteke i samfunnsdelen gjennom eit omfattande medverknadsarbeid under slagordet “Kvinnherad 2050”. Mål og strategiar er i stor grad basert på innbyggjarane sine innspel og politkarane sine prioriteringar.

Konklusjon

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore gjennom ein grundig prosess over fleire år med omfattande medverknad og arbeid av administrasjon og politkarar. Det er stor trong for å få på plass eit overordna styringsdokument, med føringar for arealdel, økonomiplan, andre planar og Kvinnherad-samfunnet generelt. Kommunedirektøren tilrår at planen vert lagt ut på høyring, og at justeringar av planforslaget vert teke i høyringsperioden og fram til endeleg fastsetting.